

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Bø barnehage/skule

Referanser:

Dykkar: Ingrid Didriksen  
Vår: 14/3862 - 18/17859

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

04.06.2018

## PLANGODKJENNING - BØ BARNEHAGE

Miljøretta helsevern skal i samband med bygging av ny Bø barnehage gje samtykke til planar. Dette i samband med rettleier til *forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6*.

Søknad om plangodkjenning er motteke den 9.3.18, og oppdaterte teikningar er motteke 27.4.18. Areal for uteleikeområdet er motteke 22.5.18.

Miljøretta helsevern har vore på møter og vurdert tilsendte teikningar.

Det er planar om å rive den gamle barnehagen og bygge ny Bø barnehage på same tomt. Uteområdet vert utvida med tomte mellom barnehagen og skulen.

Ny barnehage er planlagt ferdig våren 2020.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år. Uteleikearealet bør vere 6 gangar så stort (ca. 24 m<sup>2</sup> for barn under 3 år og 33 m<sup>2</sup> for barn over 3 år).

Barnehagen har opplyst at Bø barnehage vil ha 6 avdelingar med totalt 108 barn mellom 0 – 6 år. 108 barn over 3 år skal ha eit netto leike- og opphaldsareal på 432 m<sup>2</sup>. (Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal).

Ut i frå tilsendte teikningar har Bø barnehage eit netto leike- og opphaldsareal på ca. 452 m<sup>2</sup>, samt allrom på ca. 68,5 m<sup>2</sup>, som gjer totalt 520 m<sup>2</sup>. Ut i frå dette så har barnehagen tilstrekkeleg leike- og opphaldsareal til 130 barn over 3 år. Gangareal er ikkje teke med i berekninga.

Uteleikearealet er oppgitt til 4 596 m<sup>2</sup>, noko som er tilfredsstillande.

### ➤ **Vurdering**

---

**Post**  
postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**  
www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

Ut i frå tilsendte teikningar ser ein at Bø barnehage har ca. 520 m<sup>2</sup> leike,- og opphaldsareal. Det er då rekna med fingarderobe, baserom, leikerom og allrom. Gangareal er ikkje teke med i berekninga, då det er uvisst om dette skal nyttast til leike – og opphaldsareal. Bø barnehage har stort nok areal til 130 barn over 3 år, og tal barn må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal. Dersom gangareal skal/kan nyttast til leik og opphald, så er det totale leike- og opphaldsarealet på 614 m<sup>2</sup>. Vurdering av kva som kan bereknast som leike- og opphaldsareal (utanom baserom og leikerom) må vurderast i kvart einskild tilfelle.

Utearealet er oppgitt til 4 596 m<sup>2</sup>.

Ut i frå gitte opplysningar, så har Bø barnehage tilfredsstillande areal både inne og ute.

### ➤ **Samtykke til planer**

Miljøretta helsevern samtykkjer til planane til ny Bø barnehage, etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

Ei endeleg godkjenning av Bø barnehage (etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*) vil bli gitt etter søknad når bygget er ferdigstilt.

Vurdering om godkjenning skal utførast før oppstart.

Med helsing

Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Bø barnehage  
Einar Færø  
Helge Vallestad  
Jarle Landås  
Olaf Michal Hella  
Radøy kommune